

# Referat frå møte om ekskursjon til Spania, 12. nov 2024

## Oppsummering om det som vart presentert:

- Vi har hatt ekskursjonar til Spania sidan 2006 (men ikkje under pandemien).
- Vi har sett på desse ekskursjonane som viktige både i språk- og kulturlæringa.
- Elevane har gitt særskilde gode tilbakemeldingar på ekskursjonane, og dei har hatt tydeleg læringsutbytte.
- Dei siste 10 åra har vi reist anten til Malaga eller til Barcelona. Pris har vore avgjerande for kor vi har reist.
- Hovudprogrammet er mykje det same uansett by: Dei går på spansk kurs 4 skuletimar for dagen, vi besøker historiske monument, vi et spansk mat, går på marknader, mm.

Voss gymnas har ikkje høve til å dekke elevane sine ekskursjonar gjennom skulen sitt ordinære budsjett ut over å dekke alle lærarane sine kostnader. Vi har heller ikkje tilgang på sponsorar som gjer at deltakarane kan velje om dei ynskjer å gje sitt pengebidrag eller ikkje.

*Gratisprinsippet i skulen: Opplæringslova § 2–15 er ikkje til hinder for at skulane kan ta imot ulike former for gåver, midlar frå dugnadsinnsats, loddsal eller liknande, men desse midlane må brukast sånn at dei kjem heile gruppa/klassen til gode. Alle elevar må få delta på dei same aktivitetane uavhengig av pengebidrag, og gåvene må vere reelt frivillige.*

Dersom foreldra vil arrangere studietur, så stiller skulen med lærarar og opplegg + at turen føregår i skuletida. I tillegg betaler skulen for lærarane.

- Turen er planlagt i veke 40, veka før haustferien
- Når noko vert arrangert i skuletida, trer gratisprinsippet inn:

Dvs at turen kan finansierast med gåver og/eller dugnad.

Foreldra må ta på seg ansvaret for å samle inn pengar til turen.

Det er frivillig å vere med på turen. For dei som ikkje ynskjer å vere med, så vert det eige opplegg på skulen.

- Turen i år kosta kr 9000 pr elev
- Prisen inkluderte program, nokre måltid, losji, skule, all obligatorisk transport.
- Frist for å få inn peng: 1. mars

Når foreldra arrangerer tur, så treng vi ein komité av foreldre som påtar seg hovudansvaret for å samle inn peng. Sjølv om vi har ein komité, så oppmodast alle foreldre/pårørande om å bidra til å vere med å finne dugnadsarbeid. Alle elevane som skal vere med pliktar å jobbe dugnad og å bidra inn i felleskassa.

Gåvene som vert betalt inn kan ikkje øyremerkast ein enkelt elev.

## **Kva skjedde vidare?**

Foreldra diskuterte godt i møtet, og det var stemning for at det skulle bli tur.

Det vart oppretta ein foreldrekomité på 4 personar.

Det vart også oppretta ei facebook-gruppe der både elevar og foreldre til elevar som skal vere med bør melde seg straks dei har meldt seg på turen.

<https://www.facebook.com/groups/457391194037507/>

Foreldreruppa ynsker å starte allereie no med dugnadsarbeid. Ein dugnad alle kan gjere uavhengig av kor ein bur og konkret tidspunkt er flaskedugnad.

Påmeldingsfrist for å vere med på turen er 25. november

**Vippsnr for innbetaling er 829288. Då kjem du inn på Voss gymnas sin vippskonto. Trykk her på Voss gymnas, og du får fleire val. Velg Spania.**